



Notat

Til: Ina Wergeland

Kopi til:

Saksbehandlar: Utviklingsavdelinga/Ole Jakob Aarland

Vår referanse: 15/652 - 3 / FA - N64

Dato: 04.01.2018

Emne: Anskaffelse 2018 - betra mobildekning

Kommunestyret har vedteke mandat for betra mobildekning der inntil 3 områder skal byggjast ut innanfor ei økonomisk ramme på 2,25 mill kr.

Utbyggjing retlaterar seg til breibandsprosjektet ettersom det opnar for mobilt breiband eller anna radioløysing for innbyggjarar i dekningsområdet. I vår søknad til Nkom vart dette nemnt. Dermed er det høve til å nytte delar av Nkom-tilskotet til utbyggjinga i tillegg.

I eit møte med Telenor i 2016 vart gikk det fram at vi må pårekne total kostnad for ei utbygging på om lag 1,5 mill kr. Heilt avhengig av tilhøva der mast skal plasserast – herunder framføringskostnad for straum og fiber. Kommunen sin del kan bli om lag kr 750.000. Det kan bli meir, men også mindre dersom det t.d.etter avtale med private aktørar kan nyttast eksisterande fasilitetar der antenna skal stå.

I tilsvarande møte med Netcom (no Telia mobil) vart det ikkje omtalt pris, men dei ga tydeleg interesse for eit slikt oppdrag.

Det er tre ulike områder som peikar seg ut:

1. Vegen Hope – Mongstad: truleg berre mobildekning for bilistar
2. Nesbø/Hosøy: mobildekning og breiband for innbyggjarar
3. Padøy: Mobildekning og kanskje breiband fro skyssbåt og nokre få husstandar

Ei utbyggjing i Padøy-området vil primært betre tilhøva for sjøverts ferdsel, skyssbåt og nokre få husstandar på Osterøy. Om utbyggjing skal skje her nå det skje i samråd (og kostnadsdeling) med Osterøy kommune.

Det må tas stilling til vidare prosess for anskaffing, herunder om utlysning skal skje samstundes for dei tre ulike områda. Grunna mange uavklarte variablar kan det kanskje vere aktuelt med forhandling.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

